


Hallo i nedslagsfeltet!

Etter å ha budd her i Bergen ei stund har eg oppdaga at det faktisk er heilt umogleg å ikkje snakke om vêret. Denne veka har byen både vist seg frå si beste og verste side. Veka starta med konstant styrtregn, og gata der eg bur var bokstavleg talt under vatn. Det faktum at 17. september denne månaden passerte Bergen det som er normalnedbøren for heile månaden illustrerer godt. Men med tanke på treningane var dette ideelt vêr for meg – ingenting er betre enn tunge fotballøktar i pissregn!



Her ser gågata sett frå kjøkenvindauguet meir ut som eit basseng.

Når helga kom slo også vêret kraftig om. Blå skyfri himmel, strålande sol, men framleis litt kjølig temperatur. Etter å ha spela kamp på laurdag i dette finevêret vart eg faktisk solbrent i ansiktet.



Kampen på laurdag var med 2.divisjonslaget til Sandviken mot Høyang, eit lag som kjempa hardt for å unngå nedrykk, og eg vil sei dei var heldige som fekk med seg eit poeng. Resultatet vart 1-1 (0-0). Vi hadde spelet og Høyang var kraftig trykt tilbake på sin eigen banehalvdel. I periodar var det berre den eine banehalvdelen som var i bruk! Men å setje sjansane har vore eit problem for laget heile sesongen, og situasjonen vart ikkje betre når det var Høyang som gjekk opp i leiinga etter eit hjørnespark. Heldigvis fekk vi litt betalt for å styre kampen, og fekk inn ei scoring.

For min eigen del var ikkje dette ein av mine beste kampar. Eg starta som venstre ving, men avslutta fyste omgang som venstre back. Heile 2.omgang vart betre, då eg fekk spele i min favorittposisjon som midtstoppar. Har framleis ikkje funne meg heilt til rette på dette nivået, og kjenner godt at eg no spelar i ein høgare divisjon. Men er godt nøgd med klubben, lærer mykje og motivasjonen er på topp!



Gratis treningskleder, så no kan eg bytte ut Sunnylven/stranda-genserene.

Fotballsesongen gjeng diverre mot slutten. No er det berre att to kampar i 2.div, det same i juniorserien – der vi forresten kjempar om kretsmeistartittelen mot Vestsiden-Askøy/Erdal/Askøy 1.

Mi personlege form på ein skala frå 1-10 er i skrivande stund vurdert til: 6.5